

Invitasjon og oppsummering – Dialogmøte om kommuneplan – Seljord i vekst

Seljord næringslag, Møtestad Seljord, Seljord skogeigarlag, Seljord bondelag, Vest-Telemark næringsutvikling, Seljord næringshage, Telemark næringshage, Sparebanken din, Vest-Telemark rådet, Husbanken, Fylkesmannen i Telemark, Telemark fylkeskommune, regionaletaten, Statens vegvesen, region sør, NVE region sør.

INVITASJON TIL DIALOGMØTE OM KOMMUNEPLAN

Seljord kommune skal lage ny kommuneplan og i samband med det har kommunestyret vedteke eit planprogram som seier noko om korleis arbeidet med ny kommuneplan skal gjennomførast. Ein viktig del av prosessen vil vera å involvere innbyggjarane, og på ulikt vis invitera einskildpersonar, lag og organisasjonar til å kome med forslag og innspel til innhaldet i planen.

For å fylgje dette opp vert dykk invitera til «kafedialog»

Tid: 27. mars 2017 kl. 09.00

Stad: Granvin kulturhus

Tema for dialogmøtet er: *Seljord i vekst*.

Seljord i vekst er eit av tre temaområder som kommunestyret, i samband med tidlegare vedteken planstrategi, har peika ut som særlege forkusområde i kommuneplanarbeidet. Dei to andre temaområda er *Det gode livsløp i Seljord* og *Bærekraftige Seljord*.

Viktige utfordringar for diskusjon og dialog i samband med temaområdet ***Seljord i vekst*** vil vera:

- Korleis Seljord kommune kan vera ein attraktiv kommune for næringslivet slik at ein kan få til vekst og auke i tal på arbeidsplassar.
- Korleis ein kan betre attraktiviteten som bustadskommune slik at fleire flyttar til kommunen.
- Korleis kan Seljord kommune vera ein motor i ei auka regional satsing.

Det er formannskapet i Seljord som formelt er styringsgruppe for gjennomføringa av kommuneplanarbeidet, og bae ordførar og dei andre medlemmene av formannskapet vil vera til stade på møtet. I tillegg til samtale og dialog kring valde temaområde, vil det også bli gjeven meir utfyllande informasjon om det aktuelle temaområdet og kommuneplanarbeidet elles.

Seljord kommune vil få ynskje dykk velkomen til dialogmøtet og vonar alle har høve til å delta.

Med helsing

Per Dehli

Rådmann

MØTEREFERAT

Til stade: Ordførar og formannskapetets medlemmer/varamedlemmer, repr. frå Seljord næringslag, Sparebanken din, representant frå Statens vegvesen, kommunalsjef, rådmann og næringsjef.

Ordførar ynskte velkomen til møtet.

Kommunalsjef Frid Berge gjekk gjennom ein powerpoint presentasjon om kommuneplanarbeidet med introduksjon til dagens tema.

Hovudmål under temaområdet Seljord i vekst er:

- Seljord skal vera ein attraktiv kommune for næringsliv slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år.
- Seljord skal vera ein attraktiv kommune og bu i og flytte til slik at det skal bli 100 ekstra tilflyttarar fram til 2030.
- Seljord skal vera ein motor for regional satsing.

Presentasjonen vert lagt ut på kommunen si heimeside med fylgjande lenke:



Samfunnsdel av
kommuneplan Seljo

Deltakarane delte seg i 2 grupper og dei fekk fylgjande oppgåve å jobbe med:

Kartlegge stadskvalitetar- næringsliv.

Kva for verksemdar har vi? (ulike bransjar/næringar, basisnæring, besøksnæring, regionalnæring, kva for aktør privat/offentleg)

Kva kjenneteiknar desse (arbeidsmiljø, kjernekompetanse, organisasjonskultur, produksjonsmoglegheiter, vekstpotensial)

Plenumspresentasjon- moment frå plenumsoppsumming av gruppeoppgåve 1.

- Viktig at både bedrifter og private sluttar opp om lokale aktørar i Seljord og ikkje andre stader.
- Seljord er attraktiv på mange områder, men ein hovudutfordring er at folk ikkje vil bu her. Vi må legge til rette for å etablere meir attraktive bustadområder.
- Vi må bli flinkare til å «framsnakke» kvarandre, både i kommunen og i Vest-Telemark.
- Kan dette vera eit uttrykk for at vi har ein utfordring når det gjeld organisasjonskultur?
- Seljord har få basisnæringar (produksjonsretta næring) og her er det difor eit stort potensial for vekst.
- Eit døme på ein basisnæring er Åsmundsen bakeri, som kommunen aktivt har gjeve støtte til for å behalde verksemda innan kommunen.
- Seljord har mykje handel og turisme (besøksnæringar)
- Vi er gode på ulike servicenæringar.
- Potensialet for vekst ligg kanskje ikkje i besøksnæringa, da det er begrensa kor mange fleire menneske som kan mobiliserast. Her er konkurransen med andre også stor.
- Basisnæringar og industriverksemd er ikkje det same i dag som før.
- Vil IKT kunne vera eit vekstområde, for eksempel knytt til Aspitt sin verksemd.
- Jordbruk og skogbruk har eit vekstpotensial.

- Det er viktig å bygge vidare og vekse på det vi allereie er gode på. For eksempel festivalar og servicenæringer. Kommunen har også eit potensial for å auke produksjonen av storfe og å auke sine beiteområder. Her ligg mykje uutnytta kapasitet.
- Den nye stamvegen gir mogelegheiter for å auke i turismen til bygda.
- Det ble stilt spørsmål om næringssetaten i kommunen gjer nok for å demme opp for konsekvensane av at Bergene Holm planlegg å legge ned verksemda i kommunen.
- Festivalene og Dyrskun er Seljords store «greie» og er unikt i næringsssammenheng.
- Den viktigste suksessfaktoren bak Dyrskun var eit godt samarbeid mellom kommune og næringsliv, og en god reguleringsplan i tillegg.
- For å utvikle festivalane vidare vart det peika på at det er viktig å betre parkeringskapasitet under festivalane samt auke kapasitet på gode overnattingsalternativ.
- Kan Seljordsvatnet vera ein X-faktor som kommunen kan utnytte meir i tida framover?
- Fleire attraktive tomter i sentrumsområdet, for eksempel i tilknytning til Seljordsvatnet?
- Hvilken rolle skal kommunen ha, kor «foroverlent» skal kommunen vera?
- Kommunen bør kanskje spisse sin innsats til nokre viktige område, for å få best mogeleg kraft i sin innsats all den tid at det er svært begrensa kapasitet kommunen har til rådvelde til næringsretta arbeid.
- Likevel blei det frå informera hald sagt at Seljord kommune har vore svært foroverlent i å stimulera ny næringsretta aktivitet.
- Utbygginga på Århusmoen er eit døme på at kommunen har lagt godt til rette for etablering av nye basisnæringer.
- Utvikling i basisnæringer vil elles i stor grad kunne skje i dag innafor næringshagekonseptet, jfr. at Seljord kommune har satsa ein halv million på å utvikle næringshagen. Dette er ei meir realistisk ramme enn å tenke seg at Seljord skal trekke til seg tung industriproduksjon.
- Det er viktig at kommunen fyst og fremst er tilretteleggar i næringsutviklingsarbeid.
- Kommunen må fyst og fremst prioritere sine kjerneoppgåver, det som oftast kallas hygienefaktorar (barnehage, skule, omsorg osv) Slike faktorar er også viktige for å stimulere arbeidsplassutvikling og busetting. Desse oppgåvene vil bli fokusera meir under temaområdet: Det gode livsløpet i Seljord i kommuneplanen.
- Det blei og peika på kor viktig det er å utvikle gode areal, både for bustad og næring, også utafor sentrumsområdet. Det er viktig i tillegg til å tenke stort, også tek vare på dei små einingane og legg til rette for fleire slike.
- Kommunen må løyse utfordringane kring områder som er utsett for skred før ein kan lage gode planar utafor sentrumsområda.
- Vil det å jobbe for vekst overalt, spreie aktivitet, heller kunne vera eit hinder og noko som hemmar vekst enn det å fremje vekst?
- Eldrebølga vil skape kapasitetsutfordringar i meir sentrale og folkerike kommunar. Bør Seljord kommune satse på å legge til rette for utbygging av eit attraktivt eldresenter, til dømes i området ved Raudkleiv som eldre frå andre delar av landet kan flytte til og busette seg.

Undervegs i plenumsdiskusjonen blei gruppeoppgåve 2 om kva kvalitetar som skapar vekst gjennomgått av kommunalsjef. Det ble her orientera om forskjellen mellom hygienefaktorar og motivasjonsfaktorar.

Til slutt blei det organisera eit kort gruppearbeid i salen (summegrupper) relatert til gruppeoppgåve 3, som tek utgangspunkt i dei spørsmåla som er stilt under det aktuelle temaområdet i planprogrammet om h.h.v. å bli ein attraktiv kommune for næringslivet og ein attraktiv kommune å bu i.

Kopi av planprogrammet vart delt ut til deltakarane.

Det blei noko avgrensa tid til oppsummering i plenum under dette punktet, men fylgjande moment kom fram:

Næringsaktivitet.

- Godt samarbeid mellom dei ulike kommunale verksemdar kan vera ein utfordring fleire stader. Dette er neppe noko problem i Seljord p.g.a. små og oversiktlege tilhøve. Her er meir utfordringa å få dei statlege verksemdene til å spele på lag med kommunen og næringsinteressene. Derfor er det viktig at kommunen har tydelege strategiar overfor staten på dette området.
- Næringshagekonseptet kan også vera eit viktig svar for å få til god koordinering og gode møteplassar. Bør ikkje vera for mange arenaer enn dei ein har i dag.
- Næringslivet er avhengig av aktive kommunar som kan støtte opp om gode idear.
- Kommunen må også på eit vis ha ein vertskapsrolle for bedriftene.
- Næringshagane vil truleg spele ei viktigare rolle i høve til næringssamarbeid framover.
- Kva kan vi lære av ildsjelane og entreprenørane?
- Seljord skårar svært godt på handelsverksemd. Funnemark, telesenteret, bosenteret er gode eksemplar. Det bør vera mogeleg å bygge vidare på dette og bli enda betre.

Bustadattraktivitet.

- Ein X faktor kan vera ein tomt ved vatnet. Beliggenhet er viktig.
- Her bør det ligge til rette for nye grep. Viktig å ta i bruk Husbankens virkemidler.
- Vest- Telemark næringsbygg skal etter strategien sin legge til rette for bustadbygging.
- Seljord har truleg eit litt for mykje fragmentera sentrumsområde. Det er ei utfordring å få til ein meir velorganisera sentrumsløysing.

Det blei elles liten tid til diskusjon under dette punktet.

Rolf Henning Jensen /ref.